



Statens vegvesen

Sjå vedlagte liste

☒

Behandlande eining: Region sør	Sakshandsamar/innvalsnr: Tommy Paulsen - 35581673	Vår referanse: 2010/015399-008	Dykkar referanse:	Vår dato: 30.06.2010
-----------------------------------	--	-----------------------------------	-------------------	-------------------------

U

Riksveg 36 Seljordstrondi, varsel om oppstart av reguleringsarbeid langs Seljordsvatnet i Seljord kommune

I samsvar med §§ 3-7 og 12-8 i plan- og bygningslova gjer vi med dette kjend at Statens vegvesen startar opp reguleringsplanarbeid på riksveg 36 langs Seljordsvatnet i Seljord kommune. Planarbeidet og planprosessen vil bli gjennomført etter føresegnene i ny plandel av plan- og bygningslova, gjeldande frå 1. juli 2009.

Det skal utarbeidast forslag til 3 reguleringsplanar på følgjande delstrekningar:

Reguleringsplan 1: Ved Stodi, ca. 1,25 km
Reguleringsplan 2: Ved Bukti, ca. 1,3 km
Reguleringsplan 3: Ved Bjørge, ca. 1,1 km

Planområda er vist på vedlagte kartskisse.

Hovudformålet med planarbeidet er å utbetre eksisterande veg for å betre trafikkavvikling og trafikksikkerhet både på og langs vegen. Dette fører mellom anna til ei utviding av vegen slik at det blir gjennomgåande vegbreidd på 7,5 meter. Utretting av kurver og betring av sikt- og grøfteforhold vil også visast i planane.

Planarbeidet er vurdert i forhold til føresegn om konsekvensutgreiingar. Ut fra vurderinga som er gjort, meiner vi at tiltaka ikkje krev ei konsekvensutgreiing etter kriteriane i § 4 i føresegna. Vi vil likevel registrere og analysere konsekvensar knytta til naturmiljø, kulturmiljø, landskapsbilete og lokalmiljø som ein del av planarbeidet.

Vi tar sikte på å holde eit åpent informasjonsmøte tidleg i prosessen der vi informerer om bakgrunnen for prosjektet og korleis reguleringsprosessen vil gå føre seg. Ein kan da kome med innspel i ei tidleg fase av prosjektet. Dette vil bli annonsert seinare.

Postadresse
Statens vegvesen
Region sør
Postboks 723 Stoa
4808 Arendal

Telefon: 815 48 000
Telefaks: 37 01 98 01
firmapost-sor@veqvesen.no
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse
Gjerpensgate 10
3709 SKIEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Undervegs i planarbeidet vil det bli utført oppmålingsarbeider og grunnundersøkingar. Oppmålingsarbeida er heimla i "Lov om anbringelse av signaler og merker for målearbeider" av juli 1923.

Eventuelle merknadar til varsel om oppstart kan sendast Statens vegvesen Region sør, Postboks 723 Stoa, 4808 Arendal, Eller til firmapost-sor@vegvesen.no.

Spørsmål kan rettast til Tommy Paulsen (tommy.paulsen@vegvesen.no) tlf. 35 58 16 73, men først frå og med uke 31 på grunn av ferie.

Avdeling Telemark
Seksjon for plan og forvaltning
Med helsing

Eivind Gurholt
seksjonsleiar

Tommy Paulsen
sjefsingeniør

2

tommyp/beribe